

Blir motsegna trukke?

04.06.2009



Illustrasjonar frå konsekvensutgreiinga om sandtakplanane.

**Det er no laga ei konsekvensutgreiing for det planlagde sandtaket til Trond H. Myklebust og uskedalen.no har gjeve att utgreiinga.
Saksbehandlar Ingo Bewer i kommunen har i samband med denne sendt brev til miljøvernavinga til fylkesmannen.**

Han viser til motsegna frå fylkesmannen grunna manglande konsekvensutgreiing og uttale til planprogrammet.

Bewer peikar på at Myklebust no har utarbeidd konsekvensutgreiing for området og at planen er revidert i høve til fylkesmannen sine merknader.

Difor ber han miljøvernavinga om å trekkje motsegna til planforslaget.